



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Innovasjon Norge Hovedkontoret
Postboks 448 Sentrum

0104 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
09/51-5 HED

Dato
8 FEB 2010

Statsbudsjettet 2010- Oppdragsbrev

1. Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet syner til Prop. 1 S (2009-2010) for departementet, til Innst. 16 S (2009-2010) og til orienteringsbrevet datert 13.10.2009. I dette oppdragsbrevet gir departementet rammene til Innovasjon Norge over kap. 551, post 71 og kap. 552, post 72. Brevet inneheld og presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

2. Disponible løyvingar

Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til Innovasjon Norge i 2010.

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
551	71	Nordområdetiltak	14 000
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	164 300

Den samla løyvinga på kap. 551, post 71 er 50 mill. kr og 428,5 mill. kr på kap. 552, post 72. Av desse midlane blir 178,3 mill. kr stilte til rådvelde for Innovasjon Norge. Vedlegg 1 inneheld ei oversikt over fordelinga av posten mellom alle verkemiddelaktørane og departementet. Løyvinga skal disponerast i samsvar med Reglementet for økonomistyring i staten og retningslinjene for postane.

3. Overordna mål for Innovasjon Norge

Innovasjon Norge skal ta utgangspunkt i det som er barrierar og utfordringar for enkeltbedrifter og enkeltprosjekt, og finansiere, tilføre kompetanse og byggje nettverk mellom dei ulike aktørane i innovasjonssystemet.

Hovudmål:

Innovasjon Norge har til formål å fremme bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næ-

Postadresse: Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo
Kontoradresse: Akersg. 59, Telefon: 22 24 90 90, Telefaks: 22 24 27 40
Org.nr.: 972 417 858

ringsutvikling i heile landet og utløyse næringspotensial i dei ulike distrikta og regionane gjennom å medverke til innovasjon, internasjonalisering og profilering.

Delmåla for Innovasjon Norge er:

1. auka innovasjon i næringslivet i heile landet
2. auka internasjonalisering i næringslivet i heile landet
3. styrkt profilering av Noreg og norsk næringsliv internasjonalt
4. næringsutvikling basert på regionale vilkår
5. generelle gjennomgåande omsyn og føringar knytte til hovudmålet

Hovudmålet og delmåla gjeld for alle løyvingar til Innovasjon Norge frå departementa og fylkeskommunane.

4. Sektorpolitiske mål og styringssignal

4. 1. Mål for distrikts- og regionalpolitikken

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelt i St.meld. nr. 25 (2008-2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa ønskjer å gi folk reell fridom til å velje kvar dei vil bu, sikre likeverdige levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Regjeringa vil halde oppe hovudtrekka i busetnadsmønsteret for å vidareføre og vidareutvikle det mangfaldet i historie, kultur og ressursar som ligg i det. Regjeringa vil styrkje den lokale og regionale vekstkrafta i område med låg økonomisk vekst, lang avstand til større marknader, einsidig næringsstruktur og stagnasjon eller nedgang i folketalet. Regjeringa vil samstundes leggje til rette for å utnytte verdiskapingspotensialet i heile landet. Kvinner, unge og innvandra- rar er prioriterte målgrupper i distrikts- og regionalpolitikken.

I 2010 legg regjeringa opp til ein auke i dei regionale utviklingsmidlane til fylkeskommunane, mellom anna meir midlar til fylke med fleire eller alle kommunar utanfor virkeområdet (sentral- og mellomfylka). Departementet har lagt til rette for ein auke i dei kommunale næringsfonda og NyVekst.

Midlane til Innovasjon Norge skal i all hovudsak brukast innanfor det distriktpolitiske virkeområdet og nyttast til å fremme varig verdiskaping. Departementet legg stor vekt på at verkemidla bidreg til gode omstillings- og utviklingsprosessar i bedrifter og næringsmiljø og i område med særlege utfordringar. Samstundes legg departementet og vekt på å stimulere dei sterke innovasjons- og næringsmiljøa som alt finst, gjennom målretta innsats for vidare vekst, mellom anna gjennom styrkt samarbeid mellom bedrifter og/eller FoU-institusjonar.

Det vil i 2010 bli etablert ei eiga investeringsstøtte for daglegvarebutikkar for å modernisere og styrkje desse butikkane som viktige tenesteleverandørar. Departementet vil avklare kor ansvaret for denne ordninga skal liggje. Regjeringa aukar også løyvinga til

Miljøverndepartementet sitt verdiskapingsprogram for naturarven, som støttar regionale og lokale utviklingsprosjekt knytte til verneområde.

4.2 Andre styringssignal

Kvinner som målgruppe

Regjeringa la i 2008 fram *Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner*. Målet er at det skal vere minst 40 prosent kvinner blant dei nye entreprenørane innan 2013, og at 40 prosent av dei næringsretta verkemidlane under departementet skal nå fram til kvinner innan 2013. Departementet ber Innovasjon Norge arbeide for ein auke i prosentdelen av kvinner innanfor dei aktuelle programma og tenestene for å nå det samla målet om 40 prosent. Departementet ber og om at dette arbeidet blir følgd opp i 2010 i dialog med departementa. Innovasjon Norge blir bede om på ein eigna måte å arbeide for å auke kvinndelen i styret og leiinga for verksemdar som får støtte.

Unge som målgruppe

For å lette overgangen frå studium til bedriftsetablering og gjere Innovasjon Norge meir synleg overfor unge etablerarar, vil Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet bidra til å vidareutvikle satsinga på unge etablerarar i Innovasjon Norge. Ein må sjå ei forsterka satsing på opplæring i entreprenørskap i utdanninga i samanheng med dei moglegheitene unge har til å etablere si eiga verksemd etter fullført utdanning, og med korleis dei blir følgde opp i etableringsprosessen. Innovasjon Norge vil bli beden om å vurdere korleis selskapet kan vere meir synlege med informasjon og rådgiving overfor målgruppa unge etablerarar.

Innvandrarar som målgruppe

I arbeidet med entreprenørskap er det viktig at Innovasjon Norge legg til rette for at fleire innvandrarar etablerer eigne verksemdar. Departementet ønskjer ein dialog om mål, innretting, resultatkrav, rapportering m. v. på ein slik innsats.

Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane

Innovasjon Norge skal vidareføre det gode samarbeidet mellom dei tre verkemiddelaktørane, mellom anna om dei felles programsatsingane (som NCE-programmet og kvinnesatsinga). Departementet ber og Innovasjon Norge vidareføre samarbeidet med andre aktørar, til dømes Distriktssenteret og Ungt Entreprenørskap.

I 2010 aukar departementet den botnplanken som alle fylkeskommunane får, utan avkorting, frå 2 mill. kr til 3 mill. kr. Dette skal vere med på å styrkje den regionale utviklarrolla til dei fylkeskommunane som ligg delvis eller heilt utanfor det distriktspolitiske virkeområdet. Regional medfinansiering er ein føresetnad innanfor somme av dei nasjonale programma som skal fremme innovasjon og utløyse verdiskapingspotensial ut frå regionale føresetnader.

Fylkeskommunane utformar oppdrags- og tilskotsbrev for dei midlane som Innovasjon Norge skal forvalte på vegner av fylkeskommunen. Innovasjon Norge skal samarbeide aktivt med fylkeskommunane som regional utviklingsaktør og partnerskapa på regionalt nivå. Innovasjon Norge skal vere premissleverandør og medverke til utvikling av regionale program og tenester for næringsutvikling og innovasjon, mellom anna i samband med omstillingsprosessar i fylka.

Distriktsretta garantiar

Ein gjennomgang av lov om Innovasjon Norge har vist at heimelen for å etablere ei garantiordning ikkje er tilstrekkeleg klar. Departementet vil derfor orientere Stortinget nærmare om innhaldet i den distriktsretta garantiordninga, og leggje fram forslag til presisering i lov om Innovasjon Norge. Departementet vil også arbeide vidare for å avklare tiltaket i høve til EØS-regelverket. Siktemålet er at ei ny garantiordning skal kunne takast i bruk i løpet av 2011.

5. Nærmare om løyvingane over kap. 551, post 71 og kap. 552, post 72

5.1 Kap. 551, post 71 Nordområdetiltak

Over denne posten er det løyvd midlar til å utvikle innovasjonsevna i Nord-Noreg. Midlane skal nyttast på område og tiltak der det er formålsteneleg med fylkesovergripande eller regional koordinering. Innsatsen skal sjåast i samanheng med programverksemda under verkemiddelaktørane og med dei desentraliserte verkemidla over kap. 551, post 60 og 61 i Nord-Noreg. Fokusområda for satsinga er arktisk teknologi og reiseliv.

Innovasjon Norge får 10 mill. kr som skal nyttast til reiseliv og destinasjonsutvikling i Nord-Noreg, i nært samarbeid med Nordnorsk Reiseliv AS. Fordelinga av midlane skal avgjerast i styret for prosjektet "Reiseliv i Nord" der Nordnorsk Reiseliv AS deltek saman med verkemiddelaktørane. I samband med bruken av desse midlane skal ein også vurdere spørsmålet om å utvikle destinasjonar der ein samkjører verkemidla til dei enkelte aktørane – inkludert dei tre fylkeskommunane, IN og SIVA – og som styrkjer det produktet Nordnorsk Reiseliv AS skal marknadsføre i utlandet.

Innovasjon Norge får 4 mill. kr som skal nyttast til ei ekstra satsing på Unge i fokus i Nord-Noreg i tråd med Innovasjon Noregs innspel til KRD av 11.12.09. Arktisk teknologi og reiseliv skal prioriterast.

5.2 Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling

Midlane til Innovasjon Norge over kap. 552, post 72 skal generelt nyttast på område og satsingar der det er formålstenleg med overordna, nasjonal koordinering. Det gjeld særleg der nasjonale fellesløysingar for regional utvikling vil vere kostnadseffektivt, når ein skal utvikle nye verkemiddel og arbeidsmetodar og for å spreie kunnskap og erfaringar. Midlane skal i hovudsak nyttast innanfor virkeområdet for dei distriktpolitis-

ke verkemidla. Bruk av midlar utanfor virkeområdet må ha ei særskild grunngeving og må sjåast i samanheng med målet om å utvikle vekstkraftige regionar, jf. retningslinjene for posten (www.regjeringen.no/retningslinjer).

Departementet har utarbeidd ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regional-politiske verkemidla over programkategori 13.50. Målstrukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke dei økonomiske midlane til, og er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet. Dei programma, satsingane og tenestene i Innovasjon Norge som er heil- eller delfinansierte over kap. 552, post 72, høyrer inn under hovudmål 1 i denne målstrukturen og fordeler seg vidare i all hovudsak på tre arbeidsmål, jf. tabell 2. Nokre få tiltak medverkar til alle arbeidsmåla og blir derfor omtalte under tverrgåande tema.

Tabell 2. Samanhengen mellom program og satsingar under Innovasjon Norge og arbeidsmål¹. Samla økonomisk ramme er 164,3 mill. kr i 2010.

Arbeidsmål	Program og satsingar	Tildeling i 2010, i mill. kr
1.1 Styrkje næringsmiljø	Arena-programmet	18,0
	NCE-programmet	40,0
	Bedriftsnettverk	5,0
1.2 Vidareutvikle etablerte føretak	BIT-programmet	3,0
	Kompetanseprogrammet	2,0
	Designprogrammet	4,0
1.3 Entreprenørskap	NyVekst (pott til samfinansiering)	8,0
	Unge i fokus, inkludert mentorordning for unge	12,0
	Høgvekst/anna satsing på entreprenørskap	5,5
	Inkubatorstipend	13,5
	Kommunane som førstelinjeteneste i småskala næringsutvikling	3,0
Tverrgåande tema, tenesteutvikling, analysar, profilering	Kultur og opplevingar	4,0
	Regional omstilling	8,0
	Kvinner i fokus, inkludert ekstrasatsing til kvinner og entreprenørskap	13,0
	Analysar, evalueringar, profilering og operative og administrative kostnader knytte til gjennomføring av program	25,3

¹ Somme program, satsingar og tenester vil kunne bidra til meir enn eitt av arbeidsmåla. I samarbeid med Innovasjon Norge har departementet, for å gjere det enkelt, kopla kvart program og kvar satsing til eitt enkelt arbeidsmål.

Innovasjon Norge har, som i tidlegare år, høve til å gjere mindre omdisponeringar på fordelinga, men skal varsle departementet om vesentlege avvik frå vedtekne planar eller oppdragsbrev straks verksemda får kjennskap til slike avvik. Operative og administrative kostnader til gjennomføring av satsingar, program og tenester må dekkjast innanfor ramma av budsjettposten. Departementet vil drøfte programfordelinga av slike midlar med Innovasjon Norge.

Innovasjon Norge må dekkje eventuelle behov for bedriftsretta midlar på Svalbard innanfor ramma på kap. 552, post 72.

Nedanfor følgjer ei konkretisering av bruken av midlane på utvalde tema under kvart arbeidsmål. Vi viser elles til omtale i dokumenta til dei einskilde programma, satsingane og tenestene når det gjeld mål og forventa resultat av innsatsen.

Arbeidsmål 1.1

Auken i løyvinga skal gå til å styrke tenesta *Bedriftsnettverk*. Saman med *Arena-programmet* får Bedriftsnettverk ei viktig rolle i utviklinga av nye sterke nettverk og næringsmiljø i Noreg. Departementet ønskjer dialog om korleis samanhengen mellom klyngjeprogramma og nettverksprogramma bidrar til å styrkje regjeringa si satsing på næringsmiljø.

Arbeidsmål 1.2

BIT-programmet har i fleire år vore finansiert over kap 552, post 72. Løyvinga til programmet er noko redusert i 2010 fordi departementet ønskjer å fase ut BIT-programmet frå posten. Departementet vil i 2010 ha dialog med Innovasjon Norge om moglegheitene til å fase inn BIT-programmet i andre tenester og program.

Arbeidsmål 1.3

NyVekst: Ordninga blir i hovudsak finansiert gjennom dei desentraliserte midlane til fylkeskommunane, på linje med annan føretaksstønad. I tillegg får Innovasjon Norge sentrale midlar som skal brukast i samfinansiering med regionale midlar til å sikre ei utjamning slik at gode prosjekt i heile verkeområdet kan få stønad, også prosjekt i dei fylka som i utgangspunktet får ein svært liten del av dei samla programmidlane. Departementet legg opp til ein auke på 30 mill. kr over kap. 551, post 60 i budsjettet for 2010, slik at fylkeskommunane totalt har 92 mill. kr til ordninga. Løyvinga inneheld midlar til å følgje opp verksemdar som alt er inne i ordninga, og til å ta inn nye verksemdar i 2010. Departementet har ambisjonar om at om lag 40 prosent av midlane skal gå til vekstbedrifter som er åtte eller leidde av kvinner.

Unge i fokus: Departementet legg vekt på at tilhøva blir lagde til rette for unge etablerarar. Unge er viktige for busettinga i distrikta og for å bidra til auka verdiskaping i alle deler av landet. For 2010 styrkjer departementet innsatsen overfor unge ytterlegare.

Det skjer særleg gjennom ein auka innsats på entreprenørar og nyskaping blant unge i Nord-Noreg. Mentorordninga for unge skal først vidare i 2010 og målet er å utvide denne til ei landsdekkande ordning i 2011. Departementet vil og drøfte med Innovasjon Norge korleis programmet Unge i fokus kan gjerast meir treffsikkert og betre retta mot unge potensielle etablerarar.

Høgvekst-programmet: Innovasjon Norge skal vere pådrivar og sparringspartnar i utviklingsprosessane til eit utval av internasjonalt orienterte vekstbedrifter, mellom anna etablere kundeorienterte nettverk, kompetanseteam og møteplassar som er tilpassa den enkelte vekstbedrifta.

Kommunane som førstelinjeteneste i småskala næringsutvikling og entreprenørskap: Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet vidarefører løyvingane til det nasjonale prosjektet Kommunane som førstelinje for småskala næringsutvikling og entreprenørskap.

Prosjektet er særleg retta inn mot marin- og landbruksbasert næringsutvikling og mot næringsutvikling i distrikta. Ved å forbetre ei kundenær førstelinjeteneste vil fleire kommunar kunne gi eit meir heilskapleg tilbod til entreprenørar enn dei gjer i dag. På lang sikt skal dette medverke til å auke tilveksten, sysselsetjinga og verdiskapinga i kommunane, med utgangspunkt i lokale fortrinn. Arbeidet må sjåast i samanheng med regjeringa si satsing på kommunale næringsfond og satsinga på Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK). Kommunal- og regionaldepartementet ber om at Innovasjon Norge vurderer om det er mogleg å samarbeide med Distriktssenteret i dette prosjektet. Dette gjeld særleg formidling av gode eksempel.

Dei regionale partnarskapa, fylkeskommunane, Innovasjon Norge, KS og fylkesmenne-
ne avklarar med kommunane korleis samarbeidet skal innrettast i fylket deira. Fylkeskommunane har ei særleg viktig rolle i å leggje til rette for eit godt samarbeid med dei involverte partane i regionen.

For 2010 har Kommunal- og regionaldepartementet sett av 3 mill. kr til dette prosjektet. I det vidare arbeidet ønskjer departementa å dra nytte av resultata og erfaringane frå satsinga. Dette føreset at det gode samarbeidet mellom Innovasjon Norge og departementa held fram. Departementa ber om at den årlege rapporteringa frå Innovasjon Norge også inneheld informasjon om prosjektet.

Den første fasen av arbeidet blir avslutta i 2010. Med utgangspunkt i ei evaluering av eller ein rapport om effektar og erfaringar vil departementa ta stilling til om prosjektet eventuelt skal først vidare etter 2010.

Tverrgående tema, tenesteutvikling, analysar, profilering

Kultur og opplevingar: Departementet vidarefører løyvinga til Innovasjon Norge si satsing på kultur og opplevingar med 4 mill. kr i 2010. Midlane skal bidra til auka verdiskaping i kultur- og kulturbaserte verksemdar, særleg ved å styrkje forretningskompetansen, gjennom program som FRAM Kultur og andre program og tenester for kultur og opplevingar. Departementet er oppteke av at satsinga er godt koordinert med SIVA og Forskringsrådet.

Storbyprosjektet: 2009 var siste året i programperioden. Innovasjon Norge har midlar frå Storbyprosjektet som skal nyttast til å fullføre dei delprosjekta som er i gang, og til å vidareføre arbeidet med den rolla byane skal spele i forhold til omlandet sitt, i 2010.

Omstilling: Departementet ønskjer at Innovasjon Norge framleis skal vere eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt omstillingsarbeid. Innovasjon Norge vil i 2010 få ei ramme på 8 mill. kr knytt til regional omstilling. I samband med søknader om ekstraordinær statleg innsats i omstillingsområde vil departementet be om ei fagleg vurdering av søknadene før det blir fatta endelege vedtak. Innovasjon Norge har såleis ei særskild rolle både i høve til ei fagleg vurdering av søknader om ekstraordinær statleg innsats og når det gjeld lokalt omstillingsarbeid generelt. Departementet legg vekt på at Innovasjon Norge samarbeider med fylkeskommunane, kommunane og andre relevante aktørar om korleis omstillingsutfordringane skal møtast på ulike stader.

Kvinneretta prosjekt: Den totale ramma til kvinneretta prosjekt i Innovasjon Norge er redusert frå 14,5 mill. kr i 2009 til 13 mill. kr. i 2010. Midlane skal bidra til at 40 pst. av nye entreprenørar er kvinner og at 40 pst. av de næringsretta midlane skal gå til kvinner innan 2013. Noko av midlane kan også brukast til å styrkje samarbeidet mellom verke-middelaktørane og synleggjere gode førebilete innan entreprenørskap.

Løyvinga til Kvinner i fokus skal brukast til felles prosjekt gjennom tiltak som støttar opp under den nye kvinnestrategien som Innovasjon Norge utarbeidde i 2009. Dette vil bidra til å målrette og integrere kvinneperspektivet betre i heile verksemda og til å nå breitt ut til kvinner i heile landet. Departementet ber Innovasjon Norge om å utdjupe forslaget om kva for tiltak og kostnader som skal finansierast innanfor kvart av dei 5 fokusområda i strategien "Kvinner i fokus". Departementet ønskjer framleis tett dialog om innrettinga av desse midlane. Hovudmålet er framleis å redusere barrierar for kapitaltilgang for kvinner og å medverke til at fleire kvinner blir entreprenørar.

Analysar, evalueringar, profilering og operative og administrative kostnader knytte til gjennomføring av program: På bakgrunn av ECON-rapporten "Gjennomgang av tilskuddet til bedriftsutvikling og administrasjon i Innovasjon Norge" frå 2007 og dei vurderingane ei tverrdepartemental arbeidsgruppe gjorde i etterkant av rapporten, blei det vedteke at ei løyving på 19,2 mill. kr skulle overførast frå administrasjonsposten på Nærings- og handelsdepartementet sitt budsjett til Kommunal- og regionaldepartementet.

Løyvinga skal dekkje operative og administrative kostnader knytte til gjennomføring av nasjonale tiltak for regional utvikling (kap. 552, post 72). For 2010 er løyvinga justert opp til 20,3 mill. kr. Tanken er at resten av midlane (5 mill. kr) kan nyttast til analysar, evalueringar og profilering.

6. Økonomiforvaltning og rapportering

Overføring av midlar

Departementet vil overføre rammene til dei tre nasjonale verkemiddelaktørane i like store delar tre gonger i året: i februar, juni og oktober. Midlane blir overførte til den same kontoen som i 2009 med mindre vi får annan beskjed.

Rapportering

Departementet viser til vedlegg 3 (rapporteringskalenderen) for krav til rapportering og fristar. Departementet ber om at Innovasjon Norge vurderer måloppnåinga for midlar frå departementet og fylkeskommunane i den skriftlege årsrapporten.

Departementet ber og om å få rapport om utviklinga av kvinndelen innanfor alle program og tenester for å synleggjere kjønnsbalansen når det gjeld deltakarar og den stønaden som er utdelt.

Programformat

Departementet vil i 2010 setje i gang eit arbeid for å sjå nærmare på dei ulike tilskotsordningane departementet finansierer, for å sikre at økonomiregelverket blir følgt, og for å lette arbeidet med notifikering. Arbeidet skal koordinerast med andre departement. Verkemiddelaktørane vil bli involverte i arbeidet ved behov.

Evalueringar

Innovasjon Norge skal gjennomføre evalueringar av program, satsingar og tenester, jf. økonomireglementet (§ 16). Departementet ber om å bli involvert tidleg i prosessane for å delta i utforminga av oppdraga og i referansegrupper. Departementet skal informerast om hovudresultata frå evalueringane og om korleis Innovasjon Norge vurderer dei og planlegg å følgje dei opp. I 2010 vil vi og drøfte kva tiltak som bør evaluerast med tanke på ei ny distrikts- og regionalpolitisk melding i 2013.

Vilkår og retningslinjer

Midlane må disponerast i samsvar med dei vilkåra og føresetnadene som er tekne inn i departementet sin budsjettproposisjon for 2010, budsjettinnstillinga og Stortinget sitt vedtak. Midlane skal disponerast i samsvar med Regelverket for økonomistyring i staten. Nærmare og meir detaljerte retningslinjer for disponering av midlane kan ein finne på www.regjeringen.no/retningslinjer. Vedlegg 2 til retningslinjene, "Offentleg støtte- støttereclar og støtteintensitetar for støtte til enkeltverksemder", er oppdaterte i samsvar med endringar i ESA sine retningslinjer for offentlig støtte.

Departementet har vore i dialog med Innovasjon Noreg om udisponerte midlar frå kap. 551, post 60 og 61. Denne saka vil bli handsama i Innovasjon Norge sin årsrapport for 2009. Departementet vil på bakgrunn av dette vurdere om det er naudsynt med ein dialog med fylkeskommunane om desse midlane i 2010.

Rekneskap og kontroll med løyvingane

Innovasjon Norge skal føre ein eigen rekneskap for bruken av midlane. Rekneskapen skal først slik at det alltid går fram kva for aktørar og kva for prosjekt som er tildelte midlar og kor mykje. Både departementet og Riksrevisjonen kan be om innsyn i bruken av midlane.

7. Kommunikasjon


Kommunikasjon

Kommunikasjonsarbeidet til Innovasjon Norge skal støtte opp under strategiane til verksemda og vere basert på gjeldande regelverk, som den nye offentleglova, den nye statlege kommunikasjonspolitikken og forvaltningslova. Innsyn og tilgjengelegheit er viktige prinsipp. Det er og viktig at Innovasjon Norge er lydhøyr og fangar opp signal i samfunnet som gjeld verksemda til Innovasjon Norge, og nyttar dette aktivt i kommunikasjonsarbeidet. Det er spesielt viktig at Innovasjon Norge gir god informasjon til målgrupper, om til dømes endringar i dei ordningane som finst, og at dette blir kommunisert så tidleg som råd. Heimesida er ein viktig kanal, som bør vidareutviklast.

Samhandling med departementet

Innovasjon Norge skal orientere departementet i god tid før ein offentleggjer viktige utgreiingar eller rapportar som Innovasjon Norge har utført eller bestilt. Det må etablerast gode varslingsrutinar mellom Innovasjon Norge og departementet, slik at Innovasjon Norge i god tid varslar om saker som kan bli store, vanskelege eller kontroversielle i media. Innovasjon Norge skal ha tilfredsstillande planar for krisehandtering, også krisekommunikasjon, der kontakten med departementet vil vere ein viktig del. Det blir forventa at Innovasjon Norge synleggjer resultat ein har oppnådd på sitt politikkområde, og at Innovasjon Norge tek kontakt med departementet for å få avklara om den politiske leiinga skal vere ein del av synleggjeringa.

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg:

1. Rammefordeling programkategori 13.50
2. Fylkesfordeling av midlar over kap. 551, post 60
3. Rapporteringskalender og styringsdialog for 2010

Kopi til:

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling

Fiskeri- og kystdepartementet

KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon)

Landbruks- og matdepartementet

Norges forskningsråd

Nærings- og handelsdepartementet

Plan- og administrasjonsavdelingen

Riksrevisjonen

SIVA - Selskapet for industrivekst SF

Utenriksdepartementet